
Avtale om vertskommunesamarbeid mellom kommunane

Vinje, Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord

Samarbeidsavtale om Rask Psykisk helsehjelp (RPH)



Vedtak om vertskommunesamarbeid jamfør kommunelova §20:	Dato:
Kommunestyret Vinje	15.09.2022
Kommunestyret Fyresdal	16.06.2022
Kommunestyret Tokke	16.06.2022
Kommunestyret Nissedal	16.06.2022
Kommunestyret Kviteseid	20.06.2022
Kommunestyret Seljord	16.06.2022

Vertskommunesamarbeid om Rask psykisk helsehjelp (RPH)

Denne avtala er heimla i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) §§ 20-1-2, 20-4-5, 20-7-8 og 20-10. Lova gjev samarbeidskommunane høve til å delegere mynde til å utføre oppgåver og fatte vedtak av ikkje-prinsipiell karakter til vertskommunen.

1. Vertskommune og samarbeidskommunar

Avtala er inngått på grunnlag av kommunestyrevedtak i deltakarkommunane Vinje, Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord, og omhandlar samarbeid om Rask psykisk helsehjelp, med Seljord som vertskommune.

2. Delegasjon

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer mynde til rådmannen i sin kommune, som delegerer vidare til rådmannen i vertskommunen, mynde til å utføre oppgåver og fatte vedtak i saker som omfattar Rask psykisk helsehjelp og som ikkje er av prinsipiell karakter. Saker av prinsipiell karakter skal vertskommunen førebu, før saka vert sendt til politisk handsaming i samarbeidskommunane.

Delegert mynde frå samarbeidskommunane til vertskommunen kan trekkjast attende med direkte verknad.

3. Arbeidsoppgåver og mynde til vertskommunen

Vertskommunen utfører arbeidsoppgåver på vegne av samarbeidskommunane innan tenesteområde Rask psykisk helsehjelp, dvs. rettleia sjølvhjelp og kognitiv terapi til personar over 16 år med moderat depresjon, angst, byrjande rusproblem og/ eller søvnvanskar.

4. Arbeidsgjevaransvar

Vertskommunen har ansvar for tilsetjingar i RPH og utøver generelt arbeidsgjevaransvar på vegne av samarbeidskommunane. Rettighetar og plikter går fram av signert arbeidsavtale mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar (vertskommunen).

5. Organisering

Samarbeidet blir organisert med ei styringsgruppe samansett på overordna administrativt nivå (kommunalsjef for helse og omsorg eller tilsvarande) i deltakarkommunane. Styringsgruppa møtes minimum ein gong årleg for å evaluere og drøfte samarbeidet og organisering/ lokalisering av tenestetilbodet.

RPH disponerer 3,5 årsverk inkl. 0,5 årsverk interkommunalpsykolog.
Det vert inngått delavtale mellom vertskommunen og Vinje kommune som omhandlar Vinje sin del av interkommunal psykologteneste.
Storleiken på leiarresursen vert definert av styringsgruppa.

6. Lokalisering

Det vert etablert ein base for Rask psykisk helsehjelp i vertskommunen. Alle deltakarkommunane har ansvar for å stille kontorfasilitetar med naudsynt utstyr til disposisjon for RPH.

7. Rapportering

Årsmelding og rekneskap sendast frå vertskommunen til samarbeidskommunane.

8. Driftsutgifter og kostnadsfordeling

Budsjettet består av lønn til 3,5 årsverk og andre driftskostnader, kostnadane blir fordelt mellom deltakarkommunane etter innbyggjartal.
Vertskommunen informerer samarbeidskommunane om budsjett for komande år innan 01.09.
Kostnadsfordeling vert gjort på grunnlag av folketal per 01.01. i budsjettåret.

Vertskommunen er ansvarleg for å sende refusjonskrav til samarbeidskommunane.

9. Iversetjing, endring og oppseiing av avtala:

Overføring av oppgåver og mynde til vertskommunen gjeld frå 01.01.2023.
Endring i denne avtala kan berre gjerast av kommunestyra dersom alle deltakarkommunane gjer likelydande vedtak.

Avtala er ikkje tidsavgrensa, men kan seiast opp med eit års varsel etter vedtak i det aktuelle kommunestyret.
Dersom deltakarkommunane er samde om det, kan vertskommunesamarbeidet oppløysast med direkte verknad.

Dato:	Dato:
---	---
Vinje kommune (sign.)	Tokke kommune (sign.)
Dato:	Dato:
---	…….
Fyresdal kommune (sign.)	Nissedal kommune (sign.)
Dato:	Dato:
---	…….
Kviteseid kommune (sign.)	Seljord kommune (sign.)